



NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE),  
Konsesjonsavdelingen  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Vår ref.:  
2018/186-4

Sakshandsamar:  
Inge Olav Fjalestad  
inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no

Dato  
06.06.2018

## MELDING OM VEDTAK

### Uttale til konsesjonssøknad for Skomeåni minikraftverk

Plan-, miljø- og ressursutvalet har i møte 30. mai 2018 kome med følgjande framlegg til uttale:

*Bygland kommune v / Plan, miljø – og ressursutvalet er positiv til planane. Kommunen må takast med i detaljprosjektering av anlegget slik at omsøkt kraftverk ikkje hindrar framtidig linjeføring for eventuell veg til Åseral. Rørgate må leggest og sikrast slik at ein unngår erosjon under byggje - og driftsfase.*

Med helsing  
Bygland kommune

Inge Olav Fjalestad  
Skogbrukssjef

Kopi:

Åseral kommune

Gardsvegen 68

4540

ÅSERAL

Vedlagt følgjer fullstendig saksutgreiing



Saksmappe: 2018/186  
Sakshandsamar: IOF  
Dato: 15.05.2018

## SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
42/18	Plan, miljø- og ressursutvalet	30.05.2018

### Uttale til konsesjonssøknad for Skomeåni minikraftverk

#### Saksprotokoll i Plan, miljø- og ressursutvalet - 30.05.2018

##### Handsaming:

Framlegg frå Sigbjørn Åge Fossdal: Fylgjande setning blir sett inn i vedtaket: Bygland kommune v / Plan, miljø – og ressursutvalet er positiv til planane.

Røysting: Samrøystes

Røysting over rådmannen si innstilling med framlegg: Samrøystes.

##### Vedtak:

Bygland kommune v / Plan, miljø – og ressursutvalet er positiv til planane.

Kommunen må takast med i detaljprosjektering av anlegget slik at omsøkt kraftverk ikkje hindrar framtidig linjeføring for eventuell veg til Åseral. Rørgate må leggest og sikrast slik at ein unngår erosjon under byggje - og driftsfase.

##### Rådmannen si innstilling:

Kommunen må takast med i detaljprosjektering av anlegget slik at omsøkt kraftverk ikkje hindrar framtidig linjeføring for eventuell veg til Åseral. Rørgate må leggest og sikrast slik at ein unngår erosjon under byggje - og driftsfase.

#### SAKSUTGREIING

##### Samandrag/ konklusjon

Bygland kommune er beden om å kome med uttale til konsesjonssøknad for Skomeåni minikraftverk. Omsøkt kraftverk ligg i verna vassdrag og er omsøkt med mindre installert effekt i samsvar med gjeldane regelverk for kraftverk i verna vassdrag. Rørgata er planlagt på nordsida av vassdraget i område der veg over til Åseral frå Bygland er utreda.

Rådmannen er positiv til søknaden, men det er viktig at utbygging av kraftverket ikkje får følgjer for framtidig vegsamband mellom Bygland og Åseral.

## Bakgrunn for saka

Skomåni Falleigarlag har sendt inn konsesjonssøknad for Skomåni kraftverk til NVE. Link til søknaden: <https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=7917&type=V-1>  
NVE ber offentlege instansar, friluftsliv-, miljøorganisasjonar mfl. kome med uttale til konsesjonssøknad for fire konsesjonssøkte kraftverk i Agder (vedlegg 1). Bygland kommune vil kome med innspel til Skomåni minikraftverk.

Planlagt kraftverk ligg i ytterkanten av verna vassdrag Njardarheim. I verna vassdrag kan det omsøkast mindre kraftverk med inntil 1MW installert effekt. For Skomåni minikraftverk er det søkt om 0,99 MW og kraftverket skal kunne gi ein kraftproduksjon på 5,9 GWh i året. Rørgata vil i hovudsak følgje eksisterande skogsbilveg, men det vurderast å bore tunell på omlag 400 m i det vanskelegaste partiet. Middelvassføringa er på 2470 l/s og omsøkt slukeevne er på 660 l/s.


Utbygginga vil føre til redusert vatn i ein strekning på 1,9 km. Det etablerast ein dam på kote 409 og ein kraftstasjon på kote 228. Rørgata blir graven ned og dam og kraftstasjonsbygning er planlagt plassert og utforma for å gi redusere inntrykket av utbygginga.

## Vurderingar og konsekvensar

### Kommuneplan og vegsamband Bygland - Åseral

I Bygland kommune er Njardarheim (1973) og Tovdalsvassdraget (øvre del 1993, utvida i 2005 og 2009).

I gjeldane kommuneplan ligg Skomåni inne som vassdrag til utgreiing for vasskraftproduksjon. Markering er på kartet lagt på sørsida av elva. Det er ikkje meint som føring for kor rørgatetraseen skal ligge, men er ført her ut frå tidlegare planar om bygging av kraftverk. På nordsida av Skomeåni er det teikna inn veg over til Åseral i kommuneplanen.



Utdrag frå kommuneplanen sin arealdel der tverrveg over til Åseral er teikna inn med raudt og del av Skomeåni som er aktuell å greie ut for kraftproduksjon er markert med fiolett.

Om tverrveg til Åseral står det følgjande i kommuneplanen 2011 - 2022:

## 6.2 Tverrveg til Åseral

Vegsamband mellom Åseral og Bygland har vore på planstadiet sidan år 1920, og seinast i år 2002 vart det arbeidd med ein kommunedelplanprosess med 9 ulike vegalternativ. Kommunen fekk motsegn frå fylkesmannen i Aust-Agder vedkomande Hegglandslinene og Reiårslina. I 2005 vedtok kommunestyret at vegen kan førast ned ved Skomedal, der det ikkje var fremma motsegn til kommunedelplanen.

I kommuneplankartet er innteikna 18,3 km ny veg frå Rv.9 ved Skomedal til fv.351 i Åseral, samt tilkopling nordover mot Morstøyl/ området Reiårsvatn.

For veglina over heia er det utarbeidd plandokument og 3D modell, og vegen er prosjektert som standard heilårs fylkesveg med vegbreidde 7,0 meter. I 2008 la Vegkontoret i Aust-Agder i samarbeid med Bygland kommune fram prisanslag pålydande kr. 215 mill.

Tillegg for tunnel ved nedstiging til Skomedal er anslått til kr. 73 mill.

Vegsamband til Bortelid vil vere svært positivt for vidare utvikling i Bygland kommune. Vegprosjektet må konsekvensutgreiast før det kan realiserast.

Veg over til Åseral har vore diskutert fleire gonger. Seinast i 2012 - 15 vart saka utreda i kommunane. Åseral kommune gjorde følgjande vedtak 25.06.2015 i kommunestyret: *«Gjennomfartsveg Bortelid – Bygland vert innarbeida i aktuelle planar.»*

I FS-sak 30.04.2014 i Bygland vart det bl.a. vedteke følgjande vedrørande høyring på forslag til planprogram, Regional transportplan Agder 2015 – 2027: *«Bygland kommune peikar også på at det er særst viktig at vegar aust-vest vert teken opp. Desse tverrvegane er særst viktig for kommunikasjon på Indre Agder.»*

Kommuneplanen seier om kraftutbygging: *«Kommunen er positiv til småskala kraftproduksjon i mindre vassdrag .....,så sant det ikkje virkar øydeleggande på miljø eller kulturlandskap.»*

Sjølv om tverrveg over til Åseral vil liggje langt fram i tid må ein ta omsyn til politiske føringar. Rådmannen foreslår at ein i detaljplanlegging av kraftverket må ta høgde for ny og noko endra vegtrase opp Skomekleiva under prosjektering av anlegget.

### Drikkevatn

Nedanfor Rv.9 på Skomeneset er det bygd hytter av enklare standard utan innlagt vatn, men eit mindre bustadhus nært inn til elva har innlagt vatn. Kommunen har ikkje oversikt om det er hytteeigarar hentar drikkevatn i elva, men reknar det som sannsynleg.

Inntak drikkevatn for Bygland kommune er i Byglandsfjorden nedstraums Storestraumen på Nesmoen. Vi går ut frå at arbeid i elva vil bli utført på tider av året med lita vassføring og på ein skånsam måte for å redusere tilsig av finmasser i vassdraget. Dette for å unngå mineralpartiklar som kan missfarge drikkevatn og redusere kvaliteten på vatnet. Ein slik situasjon frå Skomedal er erfart i samband med utbygginga av RV 9 på Skomedal.

### Arealdisponering nede ved Søteflot

Nede ved Rv.9 i er det i Jordskiftesak 18/1989 skilt ut velteplass for tømmer. Ny traktorveg blir bygd parallelt med nye Rv.9 i samsvar med godkjent reguleringsplan for Rv.9 ut frå opplagsplass. Noko av tiltenkt areal for opplagsplass går til kraftstasjonsområde. Ut frå at

alle er part i både jordskifte og heimelshavar jf. fallfordeling vil det vere ei privatrettsleg sak mellom grunneigerane om å bli einige. Ein viser då spesielt til punkt 4. i rettsforliket som seier at det ikkje skal settast noko faste eller midlertidige bygningar på opplagsplassen Søteflot.

Under følgjer rettsforlik i jordskifteretten 16.11.1990.

#### R e t t s f o r l i k :

Partane har, med utgangspunkt i utskiftningsprotokollen frå 1927, hatt noko ulikt syn på grunneigarspørsmålet for opplagsplassane "Sagflot" "Søteflot" og "Lislemo".

Partane er likevel einige om fylgjande ordning for dei nemnde plassar:

1. Dei som har plassane liggjande på si mark, Sagflot, gnr. 34, bnr. 2 og 7, Søteflot, gnr. 34, bnr. 7, og Lislemo, gnr. 34, bnr. 4, skal reknast som grunneigarar og har den fulle eigedomsrett til det som veks opp på plassen.
2. Grunneigaren pliktar å halde plassen rydda. Om det ikkje vert gjort, har den bruksberetta rett til å hogge ned det som står til hinder.
3. Om bruken av plassane viser ein til den utforming som utskiftningsretten har beskriva i 1927 under avsnitt: "Opplagsplasser". Plassane kan brukast med den tilpassing som ei moderne driftsform til ei kvar tid krev.
4. Det kan ikkje setjast opp noko faste eller midlertidige bygningar på nokon av opplagsplassane.


Bygland den 16/11-1990.

Ånund Heggland,	34/7	sign.
Tone G. Skåmedal,	34/3	sign.
Harald Sangesland,	34/1	sign.
Mardon Severinsen,	34/4	sign.
Nere Nerhus,	34/5	sign.
J. Haugaa,	34/10	sign.
Tor Skomedal,	34/8	sign.
Gunstein Skomedal,	34/2	v/ Ånund Heggland - kfr. dok. 9.

Jordskiftedommaren vil så snart det lar seg gjere kontakte Erling Haugaa og Nere Bygland i samanhengen, for eventuelt å få deira tilslutning og godkjenning av forliket.

Dersom dette går i orden, vil saka bli slutta i eit seinare møte, og då utan at partane vil bli innkalt.

Det er òg søkt om og godkjent eit areal til vinterparkering for hytteeigarar som er skilt ut med eige gnr./bnr. 34/94.



Kart som syner planlagt traktorveg, område for vinterparkering for hytter og område til opplagsplass for tømmer.

Rådmannen meiner at kraftstasjonsbygning og utløp til Skåmeåni nede ved Søteflot bør kunne realiserast utan at det er til hinder for andre kjente interesser.

#### Erosjon langs rørgate

Skomekleiv er bratt og eksisterande skogsbilveg er i hovudsak bygd opp av eksisterande lausmasser. Noko av vegen har tidlegare rasa ut. Det er viktig at framtidig veg og rørgata ligg sikkert mot. ras. Rådmannen meiner at vegen og rørgata må sikrast og at det bør liggje føre ROS-analyse for arbeidet.

#### Masetak og deponering av overskotsmasse

Uttak av masse og deponering av masse i skisserte masetak må følgje gjeldane plan/disposisjonsvedtak for området.

#### Landskapsbilde, miljø og friluftsliv

I følgje vassressurslova sin § 35, 1. ledd, post 5, kan ein ikkje gi konsesjon om verneverdiane svekkast.

Vidare følgjer det av forskrift om rikspolitisk retningslinjer for verna vassdrag står det i punkt 3. Nasjonale mål for forvaltning av verna vassdrag:

«For å oppnå målene må det særleg legges vekt på å gi grunnlag for å:

*a. Unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, kulturminner og kulturmiljø.»*

Rådmannen ser positivt på ei utbygging av Skomeåni, og meiner utbygginga i dette tilfelle i svært liten grad vil redusere verneverdiane i vassdraget. Ein viser då til vedlagt rapport frå Opus Bergen AS. Omsøkt kraftverk Skomåni minikraftverk er under grensa for tillat installert effekt på 1 MW i verna vassdrag. Forholdet mellom slukeevne og middelvassføring på 26.7 % tilseier at det går mykje restvatn i elva under normal vannføring i elva. Minstevassføring på 230 l/s er truleg òg godt nok for å gi inntrykk av vassførande elv i tørrare periodar. Opus Bergen har konkludert med at tiltaket samla sett har liten negativ konsekvens for miljøet.

Fiskebiolog i kommunen, Arne Vethe, seier at det ikkje er kjent at bleka har vandra opp i Skomeåni. Dette kan vere pga. at elva stort sett er for sur til at bleka vil vandre opp i elva. Det vurderast likevel som lite sannsynleg at omsøkt tiltak vil ha påverknad på bleka i Byglandsfjorden.

Inntaksdam, rørgate og stasjonsområde vil vere relative små inngrep i urørt natur då blant anna rørgata stor sett vil liggje i eksisterande veg og stasjonsbygningen vil liggje ned mot Rv. 9 der det er opparbeida parkeringsareal og velteplass for tømmer. Dam anlegg og rørgate ut frå dammen bør kunne byggast slik at den best mogleg ivareteke landskapsbiletet. Frå før er det eit omfattande skogsbilvegnett på både sider av elva, og elva kryssast med bru og botnbru ovanfor inntaket for planlagt kraftverk. Omsøkt kraftverk vil etter vårt synspunkt ikkje endre inntrykket landskapsbiletet då det allereie eksisterar tekniske inngrep frå 1980 –talet i og langs elva.

Brukarar av området på Skomeheia er primært eigarar av hytte eller jegerar. Tilkomst til område vil vere med bil på barmark eller snøskuter vinterstid. Dei som skal inn i området og ikkje har tilgang til bomnøkkel må gå eller sykle. Kommunen har ikkje inntrykk av at området blir bruka til friluftsliv av andre enn nemnde gruppe over.

#### Samfunnsnytte

For Bygland kommune vil kraftverket kunne gi sysselsetting for lokale entreprenørar i utbyggingsperioden og auke ressursgrunnlaget på eigedomane på Skomedal. Frå kraftanlegget vil Bygland kommune kunne få eigedomsskatt. Samla sett vurderer rådmannen at fordelane med utbygging av grøn kraft i Skomeåni er større enn ulempene med dei relative små inngrepa kraftverket påfører landskapet.

Bygland,

Rådmann



**Vedlegg:**

- 1 Fleire søkjarar - Søknadar om løyve til bygging av fire småkraftverk i Bygland, Marnardal, Evje og Hornnes kommunar - høyring

**Melding om vedtak blir sendt til:**

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Åseral kommune